

# Årsmelding 2023

## VÅGÅ FJELLSTYRE

Vågå fjellstyre forvaltar bruksrettane, dvs. jakt, fangst, fiske, seterbruk og beite i Langmorkje statsallmenning (884 km<sup>2</sup>) og Nordherad statsallmenning (24 km<sup>2</sup>) etter fjellova og med tilhøyrande forskrifter.

### Fjellstyret

Fjellstyret 2023 med personleg varamedlem i parentes:

Pål Grev (Ap), leder	(Sverre Braaten)
Hans Petter Vaberg (Bl), nestleder	(Steinar Aasgaard)
Gunn Berit Aasheim (Ap)	(Rita Danilelsen Benrud)
Steinar Håkenstad (Sp)	(Marius Haugaløkken)
Turid Grimsbø Snerle (Sp)	(Kjersti Aasvang Dalen)

Etter kommunevalet vart følgjande nytt fjellstyre vald, og med varamedlem i parentes:

Hans Petter Vaberg (Bl), leder	(Heidi Gjerdingen Beito)
Rikard Odnos (Sp), nestleder	(Marius Haugaløkken)
Karola Wenzel (Bl)	(Mariann Brattland)
Pål Grev (Ap)	(Vidar Elda)
Gunn Berit Aasheim (Ap)	(Mai Britt Myrum)

Det nye fjellstyret hadde sitt fyrste møte i januar 2024.

Det har vore 3 fjellstyremøte med behandling av til saman 34 saker, av desse 6 saker etter fullmakt (delegert til styreleder/dagleg leder).

Sakene fordeler seg slik på type og antal:

- Referatsaker	3 (63 refererte saker/dokument)
- Administrative saker, diverse val m.m.	3
- Søknader tilskot/utbetaling tilskot/økonomi	3
- Arealplanar og andre planar (høyring)	0
- Om hyttefeste/andre feste (uttale Statskog)	0
- Anna arealdisponering (uttale Statskog/kommunen)	1
- Saker ang. beiteareal/tilleggsjord	4
- Setersaker (bygging på seter, utviding seterkve osv)	10
- Fiske	0
- Jakt/viltforvaltning	6
- Hundtrening/hundprøver	1
- Anna	3

Styremedlemmer møter på vegne av fjellstyret i ulike samanhengar. Pål Grev er leder i AS Vågåfisk og Steinar Håkenstad er leder i styret for Vågå Sør viltområde. På årsmøte for fjellstyra i Oppland deltok Pål Grev, Gunn Berit Aasheim og Steinar Håkenstad, samt Knut Øyjordet og Oskar Pettersen frå administrasjonen.

## Oppsynsordninga/sekretariatet

Sekretariatet for fjellstyret er det fast heilårstilsette fjellopsynet, dvs. Knut Øyjordet (dagleg leder) og Oskar Pettersen. Oskar starta i jobben 6. mars. Han hadde farspermisjon frå 25. september og ut året. Vidar Rugsveen er fast tilsett med 100 % stilling i sju månader (mai-november), og 40 % i perioden desember-april. Pga. underbemanning dette året vart det ein del meirarbeidstid, spesielt på Knut.

2023 var fyrste året der det meste av rekneskapsarbeidet er utført av Vågå Rekneskap SA. Vi tek ennå sjølve alt av fakturering og godkjenning/betaling av faktura. Det vart også dette året vald ny revisor (Gudbrandsdal Revisjon) etter at Innlandet Revisjon sa frå seg dette oppdraget for alle dei seks fjellstyra i Nord-Gudbrandsdalen.

Fjellstyret tek på seg ein del tenestesar, m.a. sekretærarbeid for Finndalen fjellstyre, dagleg drift av fiskeanlegget (AS Vågåfisk), oppsyns- og skjøtselsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og i dei mindre verneområda i Langmorkje (Miljødirektoratet), bestandregistrering jerv (Miljødirektoratet), samt veging av elg og hjort i fleire private grunneigarlag i Vågå. Dette året vart det utført noko ekstra tenestesar, m.a. vassprøvetaking i tre innløpselvar på Gjende (for NIVA) og prøvofisking Gjende (for NINA). I tillegg har fjellstyret sekretærfunksjonen for Vågå Sør viltområde og for villreinvalidet "Vågå fellesområde", samt kortsal og oppsyn med småviltjakta i "Nordherad fellesområde".

Sekretærarbeid og administrasjon tek ein stor del av tida til fjellopsynet, spesielt i vinterhalvåret. Oppsummering av arbeidstid samla for året, viser denne prosentfordelinga:

- Oppgåver som gjev grunnlag for refusjon 65,2 % (dvs. oppsyn 9,0, skjøtsel 20,7, saksbehandling 9,2 og anna innarbeid 26,3).
- Kortsal og rekneskap 2,7 %.
- Tenestesar verna område 5,6 %.
- Finndalen fjellstyre 4,6 %.
- AS Vågåfisk 18,6 %.
- Andre tenester 3,3 %.

I oppsyn med jakt og fiske blir brukarkontakt vektlagt, der informasjon og tilbakemeldingar frå brukarane er viktig. Kontroll av kortkjøp skjer for det meste ved stikkontrollar, m.a. vart 48 fiskarar kontrollert. Eitt forhold vart meldt til politiet (motorferdselsak). 11 forhold vart «oppgjort på stedet» (dei fleste knytt til laushund).

### **Arbeidsmiljø, likestilling, ytre miljø m.m.**

Som nemnd ovanfor, har fjellstyret tre heilårstilsette der den eine arbeider i 40 % i fem månader. Samla utgjør dette 2,75 årsverk. Det har ikkje vore skader eller ulykker i løpet av året. Arbeidsmiljøet må seiast å vera tilfredsstillande. Ein kan ikkje sjå at verksemda tilfører forureining til det ytre miljøet. Vedrørande likestilling, blir den kvinnelege representasjonen i styret ivaretatt i kommunen si oppnemning av medlemmer til fjellstyret etter kvart kommuneval.

Fjellstyret har vedteke regelverk for helse, miljø og sikkerheit (HMS). Innhaldet i regelverket blir følgd opp og revidert når det er nødvendig.

## Arealplanar, arealforvaltning og grunnDisponering

### Arealplanar/diverse arealsaker til uttale

Det var ingen arealplanar til høyring dette året. Av arealsaker som fjellstyret gav uttale på, kan nemnast (uttale til Statskog):

- Søknad frå Vågåfjell Turløyper om kontrakt med Statskog for trasear til sykkel- og skiløyper.

### Andre saker

Av andre saker til uttale kan nemnast (uttale til Statskog eller kommunen):

- Ang. utløp av erklæring for bygningar på to setrer.
- Søknad om bruk av snøskuter for transport i samband med hytteutleige og drift av fiskevatn.
- Tre saker om grensejustering av seterkrve.
- Ang. festeforholdet for Darthus og vidare oppfølging.

## Jordbruk

### Seter, tilleggsjord og beiteareal

Av setrer med mjølkeproduksjon, var det registrert 5 enkeltsetrer, 3 samdrifts-/fellesetrer og ei felleseter for geit (i Griningsdalen). Fjellstyret viste ut ei ledig seter med dyrkingsparsell (Lykkjesetra ved Sandranden). Det vart gjeve løyve til Harald Formo Storrvik for slepping av sau på Besstrondfjellet, og til Audun Heier for beiting med boergeit på eit avgrensa område ved Gjendeosen.

### Beite

I beitelaga Nordherad, Baksida, Tessand, Fuglhøe, Hindflye, Russdalen, Besstrondfjellet, Leirungsdalen og Stuttgongkampen er det i dei fleste laga organisert ordning med gjeting. Fjellstyret gjev tilskot til ordninga etter følgjande retningslinjer (som vart revidert frå 2021): "For organisert gjeting av husdyr i Langmorkje og Nordherad statsallmenningar, vil fjellstyret frå 2021 og inntil vidare gje 25 % av lønskostnadane i tilskot til beitelaga for utgifter til gjetar, med eit maksimalbeløp på kr. 30.000 pr. lag. For Nordherad beitelag og Baksida beitelag som også omfattar område med privat grunn, vil fjellstyret gje 12,5 % av kostnadene. Tilskotet vil bli utbetalt når rekneskapen frå beitelaga føreligg, med sum for lønskostnad med gjetar". Tilskotet vart dette året på kr. 79.280.

Av sau og lam vart det i Tessand beiteområde sleppt 1.683 dyr, i området Fuglhø/Hindflye 875, Russdalen 1.082, på Besstrondfjellet/Leirungsdalen 882 og i området Stuttgongkampen/Refjellet 1.186 dyr. Det var generelt lite tap forårsaka av freda rovdyr.

Tabellen nedanfor viser talet på husdyr på beite i Sjudalen, Heimfjellet og Nordherad. Tala for Heimfjellet omfattar også areal utanom statsallmenning, dvs. alt areal sør for Otta elv. Tala for Nordherad omfattar heile arealet innan Vågå kommune mellom Vågåvatnet og Finna.

Område	Sau og lam	Mjølkeku/ ammeku	Kviger/ kalvar	Geit	Hest
Sjudalen	5.073	150	289	535	0
Heimfjellet	2.105	314	356	175	9
Nordherad	786	67	110	0	1

Fjellstyret leiger ut beite til Vågå Tamrein AS (10-årsavtale frå 2014), samt til Lom Tamrein for bruk av området ved Fuglhøe i ti dagar før haustslaktinga.

### **Setervegar**

Det er eige vegstyre for desse setervegane: Heimfjellvegen, Djupvikvegen, Veslvassvegen, Valdesetervegen, Slombsetervegen, Nysetervegen, Fuglesetervegen, Sjoli – Sallivegen og Griningsdalsvegen. Fjellstyret fordelte totalt kr. 225.000,- til vegstyra.

## **Jakt**

### **Elg- og hjortejakta**

Langmorkje statsallmenning er med i valdet Vågå Sør viltområde, der Ottadalen-Skårsroe grunneigarlag, Sjørdalen viltlag, Strandens jaktforening, Storviksmorkje jaktforening og fjellstyret samarbeider om felles bestandsplan for forvaltning av elg, hjort og rådyr (samarbeid sidan 1993).

2023 var andre året i treårsavtaler med jaktlaga. I Langmorkje vart det tildelt 45 elgar og 20 hjortar, og felt 39 elgar og 9 hjortar. Totalt vart det felt 54 elgar og 56 hjortar i Vågå Sør viltområde. I Nordherad fellesområde der Nordherad statsallmenning er innlemma, vart det felt fire elgar og 20 hjortar. Tabellen nedanfor viser tildelt elgkvoter og avskyting dei ti siste åra (i Langmorkje).

År	Kvote	Felt	Kalv hann	Kalv ho	1 ½ år hann	1 ½ år ho	Eldre hann	Eldre ho
2014	41	39	9	3	6	3	12	6
2015	42	42	6	7	3	9	11	6
2016	38	34	7	4	5	4	10	4
2017	46	43	7	9	6	6	9	6
2018	45	41	5	3	8	7	12	6
2019	48	46	3	4	10	4	13	12
2020	49	47	5	5	7	3	15	12
2021	49	46	7	1	12	1	18	16
2022	43	39	8	6	6	2	10	7
2023	45	39	6	4	6	5	12	6

Det vart frå 2019 opna for hjortejakt i Jotunheimen nasjonalpark. Frå 2021 vart feltet delt i to og med lag frå Vågå på Vågåsida og lag frå Lom på Lomssida. Båe laga hadde i 2023 ei kvote på eitt dyr. Det vart felt ein vakse bukk på Vågåsida (12-taggar med slaktevekt 150 kg).

### **Villreinjakta**

Fjellstyret fekk tildelt 9 kort (for Nordherad statsallmenning) og det vart felt 5 dyr. I Vågå fellesområde, som omfattar alle jaktfelte i Vågå, vart det felt 24 av 40 dyr og i Finndalen statsallmenning 51 av 99 dyr. Som tidlegare år gjev fjellstyret bort eitt av korta (pluss eit rådyrkort) som premie til Vågå JFF/Vågå skyttarlag, som blir trekt blant dei som skyt minst 60 treningskot over minst fire kveldar.

## Rådyrjakta

Rådyrjakta i Langmorkje skjer i tre jaktfelt, og i 2023 vart det tildelt 30 kort (eitt av desse gavepremie). Korta blir tildelt ved loddtrekning (69 søkjarar). 12 av korta vart tildelt som bukkejakt med jakttid 10. august til 24. september og eventuelt fram til jul dersom dyret ikkje blir felt i bukkejakta. Det vart felt 5 dyr (8 dyr i 2022, 6 dyr i 2021, 12 i 2020, 9 i 2019, 10 i 2018, 14 i 2017, 7 i 2016). Tilbakemelding frå jegerane tyder på ein liten oppgang i rådyrbestanden.

I Nordherad statsallmenning inngår rådyrjakta som ein del av samarbeidsavtala om jakt i Nordherad fellesområde. Det er Nordherad grunneigarlag som administrerer elg-, hjorte- og rådyrjakta. Rådyra vart freda for jakt her dette året.

## Småviltjakta

Med grunnlag i taksering av lirype og observasjonar gjort av fjelloppsynet og andre, var bestanden både av fjellrype og lirype generelt dårleg. Fjellstyret vedtok difor å frede rypa for jakt denne sesongen, samt all skogsfugl frå 30. september. Det var jakt på tiur og orrhane fram til og med 29. september, og jakt på andre jaktbare småviltarter på vanleg måte, slik som hare. Denne vesentlege reduksjon i jakttilbodet resulterte i få selde kort.

Utanbygds jegerar i regulert periode, dvs. dei med fuglehund i to 5-dagersperiodar (15.-24. sept.) og dei utan hund i tre 5-dagersperiodar (15.-29. sept.), betalte korta sist sesong før det vart bestemt å frede rypa. Dei fekk tre alternativ, anten å nytte seg av kortet, overføre kortet til 2024 eller å få tilbakebetalt kortprisen. Dei aller fleste valde å overføre kortet, spesielt dei med hund. For jegerar med fuglehund blir det difor berre 12 ledige kort i 2024 (totalt 70 kort), For dei utan hund blir det 52 ledige kort i 1. periode, 68 kort i 2. periode og 122 ledige i 3. periode (det er opna for totalt 125 kort i kvar periode).

Utanbygds som jakta med harehund i regulert periode (11.-17. okt, totalt ca. 25 kort) får automatisk tilbod om jakt att i 2024 (treårsopplegg som vi har nytta ein del år).

## Kortsalet

Tabellane nedanfor syner utviklinga i talet på selde jaktkort siste 10 åra.

### Innanbygds utan hund

År	Dagskort	3 dagar	Veke	Sesong	Samla
2014	11	4	1	47	63
2015	11	6	1	27	45
2016	12	3	2	37	54
2017	15	5	1	49	70
2018	7	1	3	45	56
2019	5	2		33	40
2020	7	4		33	57
2021	7			43	50
2022	4		2	17	23
2023	7			6	13

### Utanbygds utan hund

År	Dagskort	3 dagar	Veke	Sesong	Samla
2014	702	240	45	85	1072
2015	772	152	51	84	1009
2016	596	251	38	93	978
2017	736	228	55	80	1099
2018	1032	350	80	128	1590
2019	915	310	60	122	1407
2020	1084	371	74	153	1682
2021	399	207	38	57	701
2022	76	10	9	5	100
2023	10	2	2	2	16

Frå 2021 gjeld salet frå 30. sept. Rypa vart freda frå 30. sept. både i 2021 og 2022. I 2023 vart rypa freda frå jaktstart (15. sept.), og all skogsfugl frå 30. sept.

### Innanbygds med hund (gjeld både med fuglehund og harehund)

År	Dagskort	3 dagar	Veke	Sesong	Samla
2014	4			55	59
2015	4	1		46	51
2016	8	3	1	53	65
2017		2		49	51
2018	2	1	1	56	60
2019	5	3		49	57
2020	3	2		56	61
2021	8	1		33	42
2022	7			30	37
2023	4			16	20

### Utanbygds med harehund (fritt kortsal tida 18.10 – 23.12)

År	Dagskort	3 dagar	Veke	Sesong	Samla
2014	13	3	13	19	48
2015	4	7	14	18	43
2016	5	2	10	14	31
2017	5	4	6	29	44
2018	7	6	14	22	49
2019	7	11	6	28	52
2020	9	9	10	22	50
2021	12	4	17	21	54
2022	12	5	20	16	53
2023	4	4	9	19	36

For Nordherad fellesområde vart det samla seld 4 kort til utanbygds og 2 kort til innanbygds. Her vart også rypa freda, men det var jakt på dei andre artane på vanleg måte.

For jakt med fuglehund for utanbygds er tilbodet 35 kort i tida 15.09 – 19.09 og 35 kort i tida 20.09 – 24.09, fordelt på tre jaktfelt. Det var i alt 72 søknader som omfattar 130 personar. Men fordi rypa vart freda, var det berre ein jeger som ville jakte likevel (på skogsfugl).

2001 var fyrste året med tilbod om gratis jaktkort (og fiskekort) til barn og ungdom i Vågå til og med fylte 19 år. Det vart ikkje løyst slikt jaktkort dette året. I perioden 2001 – 2022 har talet variert frå 3 til 17 kort.

#### Jaktrapportar

Fordi rypa vart freda og jakt på skogsfugl også var sterkt begrensa, så vart det felt svært lite av fuglevilt denne sesongen. Utanbygds utan hund felte totalt 2 harar, innanbygds utan hund 1 orrfugl og 5 harar og innanbygds med fuglehund felte 1 storfugl. Men det var god bestand av hare. Innanbygds med harehund felte totalt 56 harar (12 selde sesongkort), utanbygds med harehund felte 14 harar i regulert periode og 18 harar etter 18. oktober.

#### **Trening av jakthundar**

Frå 2009 vart tilbodet om trening av fuglehundar utvida frå området i Hoskelie (perioden 21.08-14.09) til også å gjelde i perioden februar-mars i heile Langmorkje statsallmenning, men med unntak av den delen av Jotunheimen nasjonalpark som ligg i Langmorkje. Tabellen nedanfor syner utviklinga i talet på selde treningskort (dvs. utanbygds med fuglehund).

År	1-døgn	Sesong	Samla
2014	110	18	128
2015	108	17	125
2016	99	35	134
2017	80	44	124
2018	99	40	139
2019	103	51	154
2020	133	69	203
2021	149	57	206
2022	96	44	140
2023	83	33	116

Blant innanbygds som løyser gratiskort for hundtrening, er det løyst 6 kort for bruk av fuglehund, 6 kort for harehund og 16 dagskort for trening med elghund.

#### **Jaktprøver, terreng for trening/kurs**

Det vart gjeve løyve til bruk av terreng for følgjande prøver m.m. i 2023:

- Gudbrandsdal harehundklubb, jaktprøve 7. oktober.

Jotunfjell Fjordane elghundklubb har løyve (på bestemte vilkår) til å disponere Langmorkje statsallmenning for å arrangere m.a. jaktprøver for laushund og bandhund, ferskspor- og blodsporprøver. Det vart gjennomført ei laushundprøve og 6 bandhundprøver og 34 blodsporprøver. Årsaka til at det vart få laushundprøver dette året skuldast primært tidleg snømengder.

Fjellstyret vedtok frå 2015 å utvide tilbodet om trening av elghund for innanbygds etter at elgjakta er avslutta og fram til jul. Fordi det ennå kan foregå elgjakt, føreforholda kan variere osv, er val av område og tidsrom for slik trening delegert til dagleg leder. Det var ikkje stor pågang for slik trening dette året pga. snømengdene og at elgjakta pågjekk langt utover hausten i enkelte felt.

## **Viltstell**

Frå 2014 vart det innført eit eige kort for jakt på smårovvilt for heile kommunen. Dei aller fleste private grunneigarlag er med på ordninga, med gratis jaktkort (for innanbygds) for jakt/fangst på raudrev, mår, mink, røyskatt, grevling, kråke, ravn, skjære og nøtteskrike. Utanbygds betaler kr. 100,- for eit slikt kort (sal på Inatur). Det er skotpremie for enkelte av artane, med poengbørs og konkurranse om flest mogleg poeng i ei junior- og ei seniorklasse (opplegg berre for innanbygds). Personar i Vågå JFF tek ansvar for registrering, medan fjellstyret administrerer skotpremieopplegget, poengbørs og informasjon på heimesida.

Det var 47 innanbygds som løyste smårovviltkort og 20 utanbygds. Vidar Rugsveen vann seniorklassa, Alexander Skogum vart nr. 2 og Sigurd Øyen nr. 3 (totalt 10 som har registrert felt smårovvilt). Ingen i juniorklassa leverte felt smårovvilt. Totalt vart det felt 49 raudrev, 13 mår, 1 mink, 0 røyskatt, 3 grevling, 24 kråke, 21 ravn, 28 skjære og 7 nøtteskrike. Det vart utbetalt totalt kr. 24.900,- i skotpremie, av dette kr. 19.400,- frå fjellstyret.

Fjellstyret sette i 2015 opp ein "røvs-glugg" ved Storvikssetra. Det vart inngått ei avtale med eigaren av setra om bruk av strøm. Gluggen var populær i starten, og det vart felt fire revar både fyrste og andre året, to i 2017, tre i 2018 og to både i 2019, 2020 og 2021. Korkje i 2022 eller i 2023 vart det felt rev der. Fjellstyret ordna også til ein ny «røvs-glugg» i området ved Stuttgongen denne hausten. Den vart brukt litt før jul, utan resultat.

## **Generelt om faunaen elles**

I bestandsregistreringa av jerv (oppdrag for Miljødirektoratet), vart det registrert spor etter jerv i Sjudalsområdet. Det vart innsendt møkkprøve frå to ulike individ. Det var ikkje registrert hekking av jaktfalk dette året. Kongeørn blir jamleg observert, men det var dårleg ungeproduksjon i dei «faste» reirlokaltetane. Smågnagarbestanden var generelt liten, og det var såleis dårleg hekking blant mindre rovfuglartar og uglar.

## **Fiske**

På Gjende er kvaliteten på fisken betydeleg betre nå, men innslaget av større fisk er ennå liten. Stongfiskinga på Gjendeosen gav litt betre resultat dette året enn dei tre siste åra. Det vart i regi av forskarar frå NINA konstatert ein liten oppgang i bestanden av Gjendeflugu. På dei andre vatna var fiske på det jamne. Det er fin og stor fisk på fleire av dei større vatna, som Øvre og Nedre Sjudalsvatnet, Nedre Leirungen, Lemonsjøen og Flatningen. På Bessvatnet var det generelt dårlege fangstar av «fangbar» fisk, men det er bra innslag av småfisk, både settefisk frå fiskeanlegget (er feittfinneklypt), og naturleg rekruttert med intakt feittfinne. Det blir viktig å følgje nøye med bestanden her framover og vere forsiktig i utsetting av settefisk. Det er elles gledeleg at enkelte oppsøker dei meir avsidesliggjande vatna/tjønnene, og i somme av desse blir det tatt stor fisk både på stong og oter. Døme på dette er Diptjønn.

## **Fiskereglar**

Det var ingen endring i fiskereglar før denne sesongen.



## Kortsalet

Tabellane nedanfor syner talet på selde fiskekort dei siste 10 åra.

### Innanbygds (stong, oter og faststående reiskap)

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Gratiskort	Samla
2014	65	13	8	171	144	18	419
2015	40	6	7	157	155	22	387
2016	32	10	6	119	146	7	320
2017	37	6	7	109	153	14	326
2018	30	9	10	148	136	12	345
2019	29	13	5	136	145	20	348
2020	34	20	7	139	143	20	363
2021	33	17	10	124	154	13	351
2022	46	10	12	125	137	20	350
2023	34	20	6	124	131	8	323

Gratiskortet gjeld barn og ungdom i Vågå under 20 år. Familiekort gjeld berre sesongkort.

### Stongfiske

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2014	992	241	82	211	267	1793
2015	910	201	85	172	281	1649
2016	1176	261	83	156	322	1998
2017	1045	244	95	150	328	1862
2018	1093	221	78	131	348	1871
2019	1032	222	57	137	313	1761
2020	1272	195	86	145	432	2130
2021	1120	177	68	132	359	1856
2022	1082	178	75	116	345	1796
2023	976	178	55	110	296	1615

”Familie” gjeld samla for 1-døgnskort, 3-døgnskort, vekeskort og sesongkort.

### Stong-/oter-/garnfiske utanbygds

År	1-døgn	3-døgn	Veke	Sesong	Familie	Samla
2014	36	27	6	50	38	157
2015	51	28	14	95	33	221
2016	53	25	12	93	48	231
2017	55	39	21	97	52	264
2018	52	27	10	89	52	230
2019	34	32	11	79	48	204
2020	83	57	19	97	62	318
2021	50	27	17	87	53	234
2022	66	36	21	76	50	249
2023	45	29	18	71	40	203

Familiekort gjeld berre for sesongkort.

### Prøvefiske

Det vart gjennomført prøvefiske på Øvre Sjudalsvatnet med tilfredsstillande resultat, dvs. med normale fangst i dei ulike maskeviddene, og fin kondisjon, kvalitet og med normal vekst på fisken.

### Utsettingar/fiskestell

Det vart sett ut fisk i følgjande vatn:

Lemonsjøen	5.000 (2-somrig/2-årig)
Flatningen	3.000 (2-somrig/2-årig)
Hesthaugtjønn	300 (2-årig)
Hindtjønn	100 (2-årig)
Danntjønn	100 (2-årig)
Butjønn	100 (2-årig)
Hestretjønn	100 (2-årig)
Hosketjønn	200 (2-årig)

Fangst av goløye med ruser har siste tre åra skjedd berre på Nedre Leirungen (med hjelp av Jon Jeilen) og på Surtningen. Tabellen viser fangst i liter frå 2005, og med talet på ruser i parentes.

VATN	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Surtningen	49 (10)	53 (10)	70 (10)	44 (10)	52 (10)	61 (10)	32 (10)	44 (10)	35 (10)
Melingen	181 (20)	98 (10)	73 (11)	84 (18)	35 (5)				
Birisjøen		90 (10)	49 (8)						
N. Leirungen	63 (8)	59 (8)	63 (10)	76 (10)	65 (10)	50 (10)	52 (9)	52 (10)	58 (10)
<b>Sum</b>	<b>293 (38)</b>	<b>300 (38)</b>	<b>255 (39)</b>	<b>204 (38)</b>	<b>152 (25)</b>	<b>111 (20)</b>	<b>84 (19)</b>	<b>96 (20)</b>	<b>93 (20)</b>

VATN	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Surtningen	73 (10)	47 (10)	45 (10)	51 (10)	38 (10)	41 (10)	46 (10)	48 (10)	24 (10)
N. Leirungen	63 (8)	42 (8)	60 (8)	49 (10)	52 (10)	48 (10)	58 (10)	89 (10)	65 (10)
Melingen		96 (10)	181 (10)	187 (20)	209 (20)	179 (20)	111 (20)		
<b>Sum</b>	<b>136 (18)</b>	<b>185 (28)</b>	<b>286 (28)</b>	<b>287 (40)</b>	<b>299 (40)</b>	<b>268 (40)</b>	<b>215 (40)</b>	<b>137 (20)</b>	<b>89 (20)</b>

VATN	2023								
Surtningen	30 (10)								
N. Leirungen	82 (10)								
<b>Sum</b>	<b>112 (20)</b>								

### Stamfiske

Det vart stamfiska to netter på Lemonsjøen (ca. 8 liter rogn). I tillegg er det lagt inn ca. 10 liter rogn av Vinsternstamme i fiskeanlegget.

### Utleige/utlån båtar

Tabellen nedanfor viser oversikt over utleige av båtar til utanbygds (1-døgn) og utlån av båtar til innanbygds (1-døgn), samt totalt leige/utlån dei siste fem åra (inkl. bruk av utanbygds som kjøper sesongkort). I 2023 vart det seld 8 sesongkort til utanbygds, og samla nytta desse båtane i 32 døgn.

Vatn	Innanb. 1-døgn	Utanb. 1-døgn	Utanb. sesong	2023 totalt	2022 totalt	2021 totalt	2020 totalt	2019 totalt
Veslvatnet	5	4	12	21	44	24	30	29
Kvitingen			1	1	4	1	9	6
Surtningen		7	3	10	17	9	24	19
Melingen		2		2	14	1	1	1
Slomtjønn	6	15	2	23	41	31	46	41
Birisjøen	1	6	11	18	17	16	19	28
N. Birsjøtjønn		1		1	10	2	9	2
Griningsdalsvatn	1	3		4	5	11	11	10
Bruskarstjønn		4		4	6	4	2	5
Øvre Leirungen	2	2		4	5	1	4	3
Nedre Leirungen	2	16	3	21	28	24	24	12

### Fjellstyrehyttene

Tabellen viser oversikt over talet på utleigedøgn for dei ulike fjellstyrehyttene sidan 2016. Frå 2015 vart Inatur nytta for sal av overnatting for Vargebue, Forsthytta og bue ved Nedre Leirungen, samt Vågåbue og Gjendeosbue frå 2021.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Bessvassbue	42	47	45	38	38	41	35	33	29
Gjendeosbue	31	48	34	52	32	21	27	15	40
Vågåbue	59	54	34	39	24	25	26	43	28
Bu N.Leirungen	23	55	12	16	26	131	138	101	84
Vargebue	94	128	112	130	143	108	136	131	116
Forsthytta	77	100	105	100	102	105	131	123	112

## Rekneskap

I 2023 var inntektene på kr. 5.106.584 og utgiftene på kr. 4.683.856. Dette gjev eit overskot på kr. 422.728. Detaljar om rekneskapen og økonomien elles i fjellkassa går fram av rekneskapen. Tabellane nedanfor gjev ei oversikt over viktige rekneskapstal siste åra. Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av fjellstyret si verksemd. Styret stadfestar at føresetnad for framleis drift er til stades.

Oversikt over dei største inntektene 2017 – 2023, i 1000 kr

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Fiskekort	545	541	517	592	539	505	450
Småviltjakt	564	781	694	868	663	419	302
Storviltjakt	475	528	613	598	575	518	510
Festeavgift	1.026	1.137	1.170	1.231	1.319	1.405	1.523
Refusjon oppsyn m.m.	362	366	368	369	545	366	623
Beiteleige	282	283	285	291	303	353	394
Tenestesar arbeid verna omr.	100	173	170	170	160	160	160
Sal av andre tenester	399	461	590	463	509	489	597
Utleige hytter	135	163	165	254	223	228	204
Renteinntekter	51	86	91	98	57	88	260

Oversikt over dei største utgiftene 2017 – 2023, i 1000 kr

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Samla kostnad tilsette	2.025	2.158	2.343	2.342	2.488	1.898	2.842
Godtgjersle fjellstyret	62	77	67	71	59	92	51
Kontorhald, forsikring mm.	378	417	408	423	492	529	475
Settefisk	142	156	156	180	156	194	163
Provisjon kortsal/hyttosal	156	184	176	211	169	149	128
Drift hyttene og Steinholet	116	96	147	273	303	98	326
Tilskot næringsformål	340	423	455	395	595	409	384
Tilskot allmennyttige formål	64	26	55	30	95	37	42

Rekneskapstal frå dei siste ti åra

År	Inntekter	Utgifter	Over/underskot	Eigenkapital
2014	3.672.188	3.803.852	- 131.664	7.688.499
2015	3.861.223	3.410.387	450.836	8.156.936
2016	3.921.418	3.542.793	378.623	8.538.002
2017	4.025.171	3.551.118	474.053	9.012.053
2018	4.675.359	3.818.002	857.335	9.402.489
2019	4.831.253	4.062.952	768.299	9.986.829
2020	5.043.604	4.159.235	884.369	10.903.958
2021	5.020.273	6.109.476	- 1.089.204	10.404.264
2022	4.635.507	3.699.811	935.696	11.339.963
2023	5.106.584	4.683.856	422.728	11.762.688

Eigenkapital omfattar sum egedelar minus gjeld.

Av tilskot til næringstiltak gav fjellstyret:

- kr. 225.000 til vegstyra, til vedlikehald setervegar.
- kr. 79.280 til beitelaga, utgifter med gjeting.
- kr. 80.000 til Vågåfjell turløyper, skiløypepreparering og rydding av trasear.

Av tilskot til allmennyttige tiltak gav fjellstyret:

- kr. 8.000 til Heidalskogen skianlegg, skiløypepreparering i omr. Melingen-Bøneslia.
- kr. 9.000 til Jegerprøvekurset, kostnad kurs for ungdom i Vågå under 20 år.
- kr. 5.000 til Odd Ymbjørgøyen, brøyting vegen i Bøneslie til Flatningen.
- kr. 5.000 til Elgmerkeprosjektet, ekstra tilskot.
- kr. 15.000 til Birisjøvegen, til vedlikehald.

Vågå fjellstyre, mars 2024



Hans Petter Vaberg  
leder



Rikard Odnes  
nestleder



Karola Wentzel  
medlem



Pål Grev  
medlem



Gunn Berit Aasheim  
medlem



Knut Øyjordet  
dagleg leder